



Arkivnr: 2014/560-202
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		

Ungdommens fylkesting 2016: Førebuing

Samandrag

Ungdommens fylkesutval har vedteke at Ungdommens fylkesting 2016 vert halde 12.-14. februar på Quality Hotel Edvard Grieg. Innkalling til tinget må ut 2 månader før tinget. Vedlagt er eit utkast til ein invitasjon.

For at delegatane skal kunne førebu seg til tinget må ein del dokument skrivast og sendast ut til ungdomsråda. I fjor vart desse dokumenta sendt ut:

- Program
- Dagsorden
- Forretningsorden
- Budsjett 2016
- Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval
- Ungdommens fylkesting frå A til Å
- Årsmelding og rekneskap 2015
- Ungdommens planprogram 2015
- Ungdommens planprogram 2016, forslag
- Forslag til nye vedtekter

Desse dokumenta må sendast ut seinast 10 dagar før Ungdommens fylkesting, men alt som ungdomsråda må drøfte før tinget bør kome ut så tidleg at dei har moglegheit til å ta det opp på eit møte i ungdomsrådet.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Stanley Hauge
Leiar fylkessekretariat

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.